LINDÅS KOMMUNE

Byggesak
Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Ing. Stein Hallgren VVA-planlegging AS

Tjuvikveien 4
5108 HORDVIK

Dykkar ref.	Sakshandsamar:
	Knut Bjørnevoll
Vår ref.	
2009/2480 - 0 - 929/2010	
Arkivkode:	**Dato:**
196/4	15.01.2010

Delegert sak

Rammeløyve for veg,vatn og avløp – igangsettingsløyve for grunn- og terrengarbeid R.S. Bygg og Entreprenør -gbnr 196/4 Midtgård

Vi viser til søknad løyve til tiltak motteken 11.12.2009 og vedlagt:

- Generell beskrivelse, kravspesifikasjon
- Planar og profil
- Kvittering for sende nabovarsel
- Søknader om ansvarsrett, kontrollerklæring for prosjektering
- Merknad frå eigarane av 6 eigedommar datert 14.05.09
- Merknad frå Jon og Anne Signe Andvik datert 20.05.09

Saksutgreiing/Vurdering
Det er søkt om løyve til utføring grunn- og terrengarbeid for veg, vatn- og avløpsanlegg i nytt bustadfelt i samsvar med reguleringsplan *Midtgård/Leknes Gnr.196 Bnr.4*. Utførande røyrleggar er ikkje utpeikt enno . Det mottekne materiellet kvalifiserer difor til rammeløyve for heile tiltaket og igangsettingsløyve for grunn- og terrengarbeidet (vegar og grøfter).
Det er også søkt om utsleppsløyve for feltet og området gjennom eksisterande kommunal utsleppsleidning i sjøen. Denne søknaden vert handsama som eiga sak.

Nabomerknader: Det har komme **felles merknad frå eigarane av 6 eigedommar**, som gjer merksam på private leidningar i området, og frå **Jon og Anne Signe Andvik** som ber om at tilkomstvegen deira vert teken omsyn til ved utbygginga, og at plassering av postkassar og busstopp vert oppretthalde.

Ansvarleg søkar skriv at dette vil verta ivaretatt ved gjennomføring av arbeidet.

Kommentar frå administrasjonen: Dei forholda som vert tekne opp av grunneigarane, er privatrettslege. Anlegga skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplan og utbyggingsavtale. Utbyggar må elles syta for å gjera dei private avtalar som er nødvendige for gjennomføringa av tiltaket.

Gebyr: Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr. Middels	8.800,-
Tilleggsgebyr, lite	2.400,-
SUM	**10.200,-**

Vedtak:
Med heimel i Plan- og bygningslova §§ 93 og 95 a vert det gitt rammeløyve for tiltaket og igangsettingsløyve for grunn- og terrengarbeidet på følgjande vilkår:

1. Opparbeiding av veg-, vatn- og avløpsanlegg, skal utførast etter utbyggingsavtalen og i samråd med kommunen si avdeling for teknisk drift.

2. Plassering av leidningar, kummar, vegar og murar skal målast inn og dokumenterast med x-, y- og Z-koordinatar i EUREF i SOSI-format seinast ved ferdigmelding.

3. Løyvet vert gitt med atterhald om at søknad utsleppsløyvet vert godkjent, og avløpsanlegg må ikkje takast i bruk før utsleppsløyve ligg føre.

Arbeidet må settast i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.
Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

SØK	Anleggstiltak, tiltaksklasse 2	Ing. Stein Hallgren VVA-planlegging AS
PRO/KPR	Anleggstiltak, tiltaksklasse 2	Ing. Stein Hallgren VVA-planlegging AS
UTF	Grunn- og terrengarbeid tiltaksklasse 2	R.S Bygg og Entreprenør
KUT	Grunn- og terrengarbeid tiltaksklasse 2	Ing. Stein Hallgren VVA-planlegging AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.
Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle (s)
fagleiar byggesak

Knut Bjørnevoll
Sakshandsamar

Kopi til:

R.S Bygg og Entreprenør	Elvavegen 20	5918	FREKHAUG
Teknisk drift	her		
Gudmund Husdal		5915	HJELMÅS
Anne Signe og Jon Andvik		5915	HJELMÅS
Peder Hageseter		5915	HJELMÅS